



Arkivnr: 2018/16480-98  
Saksbehandlar: Marielle Solheim

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		19.06.2019

### Haustkonferansen 2019

#### Samandrag

Haustkonferansen er ei årleg konferanse for dei kommunale eldreråda i Hordaland, i regi av fylkeseldrerådet i Hordaland. Den komande regionreforma vil ha følgjer for årets konferanse.

Det konstituerande fylkestinget for nye Vestland fylkeskommune vil gå føre seg 15. og 16. oktober, og det skal da veljast nye medlemmer til fylkeseldrerådet. Det nye fylkeseldrerådet trer i kraft beinveges, og det gamle fylkeseldrerådet, slik det er i dag, vil frå då av og ut året berre drive naudsynt avviklande verksemd.

Dersom Haustkonferansen skal arrangerast i år er føresetnadane frå den administrative leiinga at dette vert ei felles konferanse for Hordaland og Sogn og Fjordane, utan ekstraløyvingar i budsjettet. Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane har blitt bedne om å ta stilling til om dei ynskjer og har høve til å arrangere ei slik konferanse saman med fylkeseldrerådet i Hordaland, og 07.06.19 svara dei tilbake at fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane ikkje ynskjer å arrangere ei slik konferanse i 2019. Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane ynskjer heller å arrangere ei slik samling våren 2020, og grunngjer dette med at arbeidet gjerne ikkje er i gang i ein del av dei kommunale eldreråda i november, og dessutan generell stor arbeidsmengde til hausten.

Dette vil seie at haustkonferansen 2019 utgår.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å vedta om haustkonferansen 2019 skal erstattast av ei konferanse for dei fylkeskommunale eldreråda i nye Vestland fylkeskommune våren 2020. Dersom konferansen skal arrangerast våren 2020 vil det vere fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune som vil vere fungerande under konferansen, men ein må vurdere om det vil vere nok tid for det nye fylkeseldrerådet å arrangere ei slik konferanse frå starten av. Fylkeseldrerådet vert difor og bedne om å vurdere om de ynskjer å starte planlegginga med Sogn og Fjordane, særkild med tanke på tid og stad, og eventuelt tema og førelesarar. Ein må ta sikte på at eventuell vidare planlegging med Sogn og Fjordane vil gå føre seg via videomøter, noko det er gode høve for på fylkeshuset.

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*